

Utval: **Ungdommens fylkesutval**
Møtestad: Fylkesutvalssalen, 3. etg., Fylkeshuset
Dato: 30.04.2014
Tidspunkt: 16:00 – 19:40

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Agnes H. Bernes	Leiar	
Gard Johanson	Nestleiar	
Benedicte Hellestveit	Medlem	
Vegard Kleppe	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Cecilie Engen Fredheim	Medlem	
Lars Helle Fauske	Medlem	
Hedda Emilie Hidle	Medlem	

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Stine Hegdal		

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stillings
Ingeborg Borgen	Rådgjevar
Takle	

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 23/14	Godkjenning av innkalling		
PS 24/14	Godkjenning av sakliste		
PS 25/14	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 26/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 17/14	Oppdatert møteplan - per 230414	2014/560	
RS 18/14	Oversikt økonomi - per 230414	2014/560	
PS 27/14	Ungdommens planprogram - framdrift	2014/560	
PS 28/14	T-skjortar til Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 29/14	Informasjonspakke til Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 30/14	Ny heimeside til Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 31/14	Helgemøter for Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 32/14	Erklæring frå Ungdommens fylkesutval - Grunnlovsseilasen	2014/560	

PS 23/14 Godkjenning av innkalling

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 30.04.2014

Vedtak

Ungdommens fylkesutval godkjente innkallinga.

PS 24/14 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 30.04.2014

Vedtak

Ungdommens fylkesutval godkjente sakslista.

PS 25/14 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 30.04.2014

Vedtak

Ungdommens fylkesutval godkjente Møteboka frå 11.04.14.

PS 26/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 30.04.2014

Vedtak

RS 17/14 Oppdatert møteplan – per 230414: Ungdommens fylkesutval vedtok å flytte møtet 30. mai til 21. mai.

RS 18/14 Oversikt økonomi – per 230414: Ungdommens fylkesutval har så langt ein balanse på 79 000 kr i minus. I samanheng med midlane som er budsjettet vil det seie at Ungdommens fylkesutval har 151 000 kr disponibelt resten av året. Det er berre brukt midlar på Utvalsmøter og Ungdommens fylkesting så langt i år. På førstnemnte har ein brukt 7 000 kr av 34 000 kr. Det vil seie at ein har 27 000 kr disponibelt på utvalsmøter resten av året. Ungdommens fylkesting hadde både kostnadar og inntekter (eigenandelar frå deltakarane), og ein har brukt 22 500 kr mindre enn budsjettet. Det er nokre kostnadar som enda ikkje er betalt, men ein kan rekne med å ha i alle fall 18 000 kr til overs på denne posten, som kan omdisponerast til andre områdar.

Ungdommens fylkesutval tek referatsakane til orientering.

RS 17/14 Oppdatert møteplan - per 230414

RS 18/14 Oversikt økonomi - per 230414

PS 27/14 Ungdommens planprogram - framdrift

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 30.04.2014

Ungdommens fylkesutval gjekk igjennom kva som har vore gjort til nå.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtok å leggje denne saka ved som ein fast referatsak på kvart møte. Ungdommens fylkesutval vedtok at det vert orientert om kva ein har gjort og kva som er planane framover på kvart utvalsmøte.

Ungdommens fylkesutval vedtok at administrasjonen skal lage ein oversikt over tiltaka og kva som er gjort. Denne vert lagt ved som referatsak på neste møte.

PS 28/14 T-skjortar til Ungdommens fylkesutval

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek å bestille x antall x-skjortar med slikt trykk:

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 30.04.2014

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek å bestille 36 røde pique-skjortar med trykket frå kommunikasjonsavdelinga med logoen i midten og «Ungdom førar Hordaland vidare» i ein runding rundt.

Ungdommens fylkesutval vedtok å bestille 36 pique-skjortar, 18 for menn og 18 for kvinner, i vanlege storleikar.

PS 29/14 Informasjonspakke til Ungdommens fylkesutval

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek å bestille ein informasjonspakke med følgjande artiklar:

Og følgjande tekst på artiklane:

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 30.04.2014

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek å bestille ein informasjonspakke med følgjande artiklar:

- 2 roll ups
- 3 plakatar
- 1 informasjon i visittkortstørleik

Og følgjande tekst på artiklane:

Roll ups:

- Logo til Ungdommens fylkesting + Ungdom førar Hordaland vidare
- Logo til Ungdommens fylkesting + kort informasjon

Plakatar:

- *Informasjons plakat*
 - Har DU hørt om Ungdommens fylkesutval?
 - (Gøy og energisk bilde av medlemmene)
 - (Hoppebilde?)
 - (Tur, ute, sol?)

Me treng ein informerande tekst, som til dømes;

«Ungdommens Fylkesting består av to representantar frå alle ungdomsråd i Hordaland, og samlar slik meiningar frå ungdom i heile fylket. Ungdommens Fylkesutval er det arbeidande organet og jobbar for å få gjennom ungdom sitt syn på politikken i Hordaland.

Vil DU bidra med sakar? +kontaktinfo

- *Engasjeringsbilde*
 - Vil DU føre Hordaland vidare?
 - (Skilt, der en står og holder utkikk mot framtiden?)

Me treng ein tekst om kva me gjer og korleis ein tek kontakt, til dømes;

«Vår visjon er at vi førar Hordaland vidare, og det gjer vi på bakgrunn av meiningane til ungdom og ungdomsråd i Hordaland. Har du ei viktig sak på hjartet? +kontaktinfo»

- *Motivasjonsbilde*
 - Har DU noko du vil endre på?
 - (Undringsbilde framfor logoen til HFK)

For eksempel;

«Ungdommens Fylkesutval arbeider for å løfte fram og få gjennom saker som er viktige for ungdom. Har du ei sak som er særlig viktig for deg? Ta kontakt med oss på..... +kontaktinformasjon»

Informasjon i visitkortstørleik:

- Logo
- Ungdommens.fylkesutval@hfk.no
- Adresse: heimeside
- Adresse: facebookside
- Ungdommens fylkesting er eit partipolitisk nøytralt medverknadsorgan på fylkesnivå vald frå ungdomsrådet i DIN kommune.

PS 30/14 Ny heimeside til Ungdommens fylkesutval

Forslag til avgjerd

1. Ungdommens fylkesutval vedtek å sende inn følgjande forslag til heimsider:
2. Ungdommens fylkesutval vedtek å bruke følgjande tekst på dei nye heimesidene:

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 30.04.2014

Vedtak

1. Ungdommens fylkesutval vedtek å sende inn forslaga frå Eigen informasjon til nye heimsider, med slike endring: Ungdommens fylkesutval ønskjer biletet av nåverande UFU i header, samt at dei ønskjer link til Klimaplanen og sida Høyringar på HFK si heimeside.
2. Ungdommens fylkesutval vedtek å bruke forslaga frå Eigen informasjon til tekstu på dei nye heimesidene, med slik endring: På Kontakt oss er [ungdommens.fylkesutval@hfk.no](mailto:Ungdommens.fylkesutval@hfk.no) i fokus med Har du ein sak du brennar for? framfor. Leiar, nestleiar, og leiar for dei ulike områda vert presentert med namn, kommune og telefonnr. Mona Haugland Hellesnes vert presentert som Politisk kontaktperson, med link til kontaktinformasjon. Ingeborg Borgen Takle vert presentert som Administrativ kontaktperson, med link til kontaktinformasjon.

PS 31/14 Helgemøter for Ungdommens fylkesutval

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek å ha to helgemøter til hausten på slik dato:

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 30.04.2014

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek å ha to helgemøter til hausten og administrasjonen får i oppgåve å finne to aktuelle helger og presentere på neste utvalsmøte.

PS 32/14 Erklæring frå Ungdommens fylkesutval - Grunnlovsseilasen

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek å fremja følgjande punkt til erklæringa frå ungdom i Hordaland til Grunnlovsseilasen:

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 30.04.2014

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek å fremja følgjande til erklæringa frå ungdom i Hordaland til Grunnlovsseilasen:

Me ynskjer at kvar kommune i Hordaland skal ha eit medverknadsorgan for ungdom, til dømes ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre/bystyre, som skal ha medverknad på sakar som vedgår ungdom og deira lokalmiljø. Dette er viktig for å få ungdommens stemme høyrd i lokalsamfunnet og i samfunnet elles. For å klare dette må me få medverkningsorgan for ungdom til å lovfestas.

Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. Gjennom desse organa skal ungdom ha reell innflytelse. Dei tre nivåa skal med utgangspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og byggje på kvarandre. Medverknadsorgana på fylkeskommunalt og nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som skal arbeide gjennom året. Retningslinjene skal utarbeidast i samarbeid med ungdom.

Det bør leggjast til rette for at det blir enklare å velje miljøvennleg transport for ungdom. Ungdom bør og være ein aktiv pådrivar innanfor klima-, energi- og miljøpolitikk

PS 33/14 Elevrådshandbok - vidare arbeid

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 30.04.2014

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtok å ferdigstille og sende ut elevrådshandboka til alle vidaregåande skular i Hordaland. Fire eksemplar til kvar skule, to til elevrådet, ein til elevinspektør og ein til den som er ansvarleg for elevrådet på skulen. Ein vert sendt i kopi til Elevorganisasjonen.

PS 34/14 Ymse

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 30.04.2014

Deltaking til hausten 2014: Ein del har nemnt at det kan vere at dei får plass på skular i andre land eller delar av landet til hausten. Det kan vere greitt å vete kor mange dette gjeld for og om det er mogleg å framleis delta i Ungdommens fylkesutval.

Observatør på Troms sitt ungdommens fylkesting i oktober: Ungdommens fylkesutval har vore bedt som observatørar på Troms ungdommens fylkesting i oktober. Det kan vere naturleg at leiar og nestleiar, som vil vere ansvarleg for arrangementet i Hordaland, deltek. Agnes Hoshovd Bernes tek kontakt med Mads Adrian Hansen for å høre meir om arrangementet.

Innleiar på fagdag for Medverknad for barn og unge på Stord 7. april: Benedicte Hellestveit hadde eit innlegg på ein fagdag på Stord om Medverknad for barn og unge. Ho fekk 15 minuttar og prata om ungdomsmedverknad og Ungdommens fylkesutval. Det er veldig positivt at Ungdommens fylkesutval sine medlemar vert brukt på denne måta.

Ungt Nettverk sitt seminar Utanforskning og inkludering, 28. april: Vegard Kleppe og Emma Franck-Gwinnell deltok på seminaret på vegne av Ungdommens fylkesutval. Det var eit lærerikt seminar med moglegheiter for å nettverke. Alle skular har mobbing, så alle har ein moglegheit til å jobbe mot mobbing.

Vedtak

Deltaking til hausten 2014: Dette vert ein sak på neste møte.

Observatør på Troms sitt ungdommens fylkesting i oktober: Dette vert ein sak på neste møte.